

## M og verdig bruk av det norske flagget

05.03.2011



**Det norske flagget har ein sentral plass under VM i Holmenkollen  
no om dagen og Kristian Olav Bringedal finn det på sin plass  
å minna om at flagget er forma og laga slik det er godkjent ved lov av  
1898.**

**Han held fram:**

Godkjenninga frå 1898 gjeld både forholda mellom felta og kva farge felta skal ha.  
I krossen skal det vera ein del kvitt og to deler blått.

Flagget skal brukast på ein verdig måte. Det har vi lært i skulen, i speidaren og i forsvaret.  
I 1999 sende Tor H. Myklebust og underteikna eit skriv  
til Verdikommisjonen om misbruk av det norske flagget.

Det var i Bondevik 2--regjeringa si tid.

Det vi peika på den gongen var mellom anna:

- \* At blåfargen i kroseen ofte er for myrk, går mest over i svart
- \* At mange skriv klubbnamn på flagget og henger det på tribunen saman med reklameplakatar
- \* At mange brukar flagget som ei kappe og spring æresrundar med det og er innpakka i flagget
- \* At nokre syr flagg på bukser og brukar det som bot på sundrivne klær
- \* At mange i med flagget i hand fell over målstrekken  
og slepar flagget i bakken

Med bakgrunn i lova og retningsliner oppmoda vi regjeringa  
om ta dette opp med flaggprodusentane og skapa rett haldning til bruken.  
Vi fekk svar frå Verdikommisjonen der ein takka for oppmodinga.

Med eit grundig ettersyn under VM på ski merkar vi stor framgang  
og ein meir verdig bruk av det norske flagget i 2011.

Fargane er meir i samsvar med fargekoden og bruken er langt betre.  
Det kan tyda på at det ikkje var bortkasta med eit skriv til Verdikommisjonen i 1999.

Om nokon har synspunkt på dette, skriv di meinig på nettsida.

Kristian Olav Bringedal